





Amelia sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Amelia:



Amelia er 4 år og bur saman med mamma og pappa og gullfisken Svein. Amelia har veldig lyst på sósken, og ho trur mamma og pappa også har lyst på fleire barn. Mamma hadde baby i magen sin då Amelia var 3 år, men babyen døde i magen. Både mamma, pappa og Amelia var veldig lei seg då.

Kanskje ser du at Amelia, mamma og pappa har ulike hudfargar? Det er veldig mange som legg merke til det og spør om det. Amelia sin hudfarge er lysare enn pappa sin, og mørkare enn mamma sin, og så har ho kjempefint krøllete hår.

Nokon spør om pappa er frå Afrika, men han er født i Noreg og det er foreldra hans også. Mamma derimot er ikkje født i Noreg, sjølv om huda hennar er lys. Amelia synest det er rart at folk trur at hudfarge kan fortelje kvar ein er frå. Sånn er det jo ikkje lenger.

Mamma har forklart kvifor folk har ulike hudfargar:

For veldig lenge sidan levde menneska på forskjellige stadar rundt på jorda utan å vite så mykje om kvarandre. Dei hadde ikkje bilar, fly og tog, så dei kunne ikkje reise langt sånn som no. Menneska som budde i same land likna litt meir på kvarandre, enn på menneske som budde andre stadar på jorda. For eksempel hadde dei som budde i land med veldig sterkt solbrunare hud enn dei som budde der sola ikkje er så sterkt. Menneske kan også være ulike med kor høge dei er, fasongen på auge og mange andre ting. No for tida kan menneske reise overalt og bu overalt. Korleis vi ser ut fortel ingenting om kven vi er eller kva vi kan.

Amelia sin mamma og pappa er litt redde for at Amelia kjem til å oppleve at nokon er slemme mot henne fordi huda hennar er brun. Fremdeles er det nokon som er slemme mot dei som har mørkare hudfarge enn seg sjølv, eller som ikkje vil gi jobb til dei. Det heiter rasisme og er veldig dumt og ikkje lov! For sjølv om vi ser ulike ut så er alle menneske akkurat like mykje verdt! Hudfarge og kvar vi er frå spelar ingen rolle. Det viktigaste er at vi er snille med kvarandre, blir kjent med kvarandre og prøver å ha det bra saman alle saman.

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vare og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vare sikre på at dei andre i familien er glade i seg.